

## Møtereferat

Dato: 13.11.2015

Emne:	<b>MØTEREFERAT - TRAFIKKAVVIKLING I JULEBORDSESONGEN 2015</b>	
Til stades:	Geir Olsen(A-Taxi),Trond Daazenko(Bergen Taxi),Kha Hoang Nguyen(Bryggen Taxi),Belkacem Benammar(Bryggen Taxi),Bjarne Dale(Bergen Kommune),Gitte Minde(NTB),Morten Rossland(NTB),Robert Aasmul(Taxi 1),Øystein Brattaule(Bergen Politikammer),Svein Holmedal(SVV),Kjell Arne Alvheim(Skyss),Jørjan Malkenes(Skyss),Rolf Rosenlund(HFK),Anne Vedvik(HFK),Linn Pedersen(HFK),Gerd Eva Napsøy(HFK)	
Forfall:	Sak: 2015/552-60	
Møtetid:	13:00 – 14:30	Møtestad: Fylkeshuset Møterom 826, 8 etg.

**Møteleiar: Rolf Rosenlund**

**Referent: Gerd Eva Napsøy**

### Julebordsesongen 2015:

Julebordsesongen 2015 er definert til dei fire siste helgene før jul. Startar fredag 27. november og avsluttar laurdag 19. desember.

### Stenging av gater for personbiler om natta i helgene.

Erfaringane frå julebordsesongen 2014 er at trafikkavviklinga gjekk greitt utan nemneverdige problem. Politiet har i år mindre ressursar å bruke til vakthald på stengte vegar, så politiet og Bergen kommune vil saman ta ei avgjerd på om skilta om stenging vil bli sett opp. Det er *Veiten* som er aktuell å stenge i begge endar. Politiet vart oppfordra til å styrke bemanninga slik at dette blir løyst på ein god måte. Det vil bli annonsert at også andre gater kan bli stengt, og at det vil bli vurdert fortløpande. Bergen kommune legg ut informasjon på «Kommunetorget», Bergen kommune si heimeside, og det vil vere jamnleg kontakt mellom politiet og kommunen i dette tidsrommet.

### Midlertidige drosjehaldeplasser i julebordstida

Erfaringar med å ha ein midlertidig haldeplass for drosjar på den fremste busshaldeplassen ved Festplassen er gode. Bergen Taxi har planar om å vidareføre denne ordninga, og vil også i år skilte med «Taxihaldeplass» så lenge det er drosjer der. Denne plassen vert berre nytta så lenge det ikkje er bussar i rute som nyttar haldeplassen.

### Gløggvaktar

Bergen Taxi vil også i år ha gløggvaktar på Festplassen, Ole Bulls plass og Bryggen. Det blir i dei fire aktuelle helgane før jul, og første kveld/natt blir natt til 29. november.

### Auka frekvens på nattrutene (buss og bane)

Bybana vil også i år ha auka frekvens natt til laurdag og natt til sundag i julebordstida. Det vert og sett inn ekstra nattbussar på allereie oppsette avgangar.

Bergen kommune vil opplysa om dette på «Kommunetorget».

## **Haldningkampanje**

Det er særskilt viktig at sentralane informerer løyvehavere og sjåførar om at ein ikkje skal godta drikking av alkohol i drosjane.

Politiet vil som tidlegare år ha jamnlege kontrollar i drosjar, på bussar og på bane, der fokus vil vere alkoholbruk. Blir nokon tatt i å nytta alkohol på buss eller bane, vil dette bli tømt ut.

## **Piratverksemd**

Det vart påpeika at det er særskilt viktig at det er nok drosjar på vegen dei helgane det er julebord. Det vil vere med på å unngå ulovlig persontransport.

Drosjesentralane er einige om at i 2016 sesongen må det bli fleire ressursar på å få bukt med piratkøyringa som t.d. klippe skilt og ta sertifikat. Dette kan føre til at piratsjåførar ikkje vågar å utføre denne ulovlige transporten.

Det kom spørsmål om ikkje politiet kan legge ut meldingar på sosiale media som Twitter og Facebook der dei varslar om det ulovlige i denne typen transport. Politiet bruker sosiale media i andre samanhengar. Politiet tar oppfordringa med seg og ser på kva som kan gjerast.

Piratverksemda foregår ikkje berre i helgane lenger, det er på dagtid også. Dette er alvorleg, og det er ikkje «kameratkøyring» lenger. Det er organisert verksemد. Politiet er klar over problema, men med dei ressursane dei har til rådighet er det ikkje prioritert.

Handlingskampanje er foreslått. Viktig å få fram til publikum alvoret i det å ta ein piratdrosje.

I følgje SVV føreligg det ikkje dokumentasjon på trafikale vanskar, ulykker osv. i samband med piratkøring.

Det kom spørsmål til politiet om dei kan stenge Facebook sider som formidlar transport. Det kan dei ikkje. Det vil heller ikkje hjelpe å stenge ein arena, det er mange ulike arena ein kan bruke.

Det er ynskje om at drosjenæringa, politiet, kommunen og fylkeskommunen prøvar å løyse problema med piratkøyring saman, og det er forslått eit nytt møte på nyåret der agenda er kva ein kan gjere med piratverksemda.

Fylkeskommunen tek initiativ til eit felles møte jan/febr 2016.